

ÅRSMELDING 2010
FOR
MIDSUND SOKNERÅD /
FELLESRÅD



Friluftsgudsteneste på Tautra 29.08.

1. PLANOMRÅDE

Kyrkja har følgjande fire områder:

- 1.1 Kyrkjeadministrasjon
- 1.2 Kyrkja
- 1.3 Gravplassar
- 1.4 Andre kyrkjelege formål

2. MÅL FOR VERKSEMDA

Oppfylle intensjonane i lovverka som gjeld for soknerådet si verksemd, med den status som Midsund sokn har i følgje kyrkjelova.

§1 seier følgjande om formålet med kyrkjelova:

Å legge tilhøva til rette for eit aktivt engasjement og ei stadig fornying i den evangelisk lutherske folkekyrkja i Noreg.

Midsund Sokneråd har funksjon som sokneråd med ansvar og oppgåver i kyrkjelyden iflg. §9 i kyrkjelova, og som fellestråd med administrative og økonomiske oppgåver iflg. §14.

Soknerådet 2009 -2011:

Medlemar:

Randi Anna Hånes
Oddveig Klauset Ræstad
Olav Sjøvik
Per Steinar Orvik
Ståle Stølen
Åshild Melkeraaen

Vara til soknerådet:

Guro Myklestul
Dirk Armin Miltz
Ottar Håvik
Tove Silset Opstad
Kristi Jensen

Oddveig Klauset Ræstad flytta frå kommunen i 2010 og hadde sitt siste soknerådsmøte den 29.04. Guro Myklestul gjekk inn på fast plass i staden for Ræstad, men også ho flytta frå kommunen i 2010 og hadde sitt siste soknerådsmøte den 03.06. Dirk Armin Miltz kom inn som fast medlem i soknerådet i staden for Myklestul.

Soknerådet si oppgåve er uttrykt slik:

Soknerådet skal ha si verksemd vendt mot alt som kan gjerast for å vekke og nøre det kristne livet i kyrkjelyden, særleg at Guds Ord kan verte rikeleg forkynt, og at sakramenta vert gjeve til sjuke og døyande. Få barn og unge samla om gode formål, døypte vert gjevne dåpsopplæring. Hjelp vert gjeve der det er åndeleg og lekamleg naud.

KORT OMTALE AV VERKSEMDA

- Sakshandsaming for soknerådet
- Tilsyn med, drift og vedlikehald av kyrkje, kapell og gravplassar
- Forordna kyrkjelege handlingar
- Diakonalt arbeid i kyrkjelyden
- Dåpsopplæring, konfirmantundervisning, barne- og ungdomsarbeid, medarbeidarfostring
- Kyrkjekonsertar, kyrkjebladet og anna kyrkjelydsarbeid

3.1 RESSURSBRUK - ØKONOMI

Tala er gjeve i heile 1000 kr

	Rekneskap				Budsjett				
	2007	2008	2009	2010	2007	2008	2009	2010	2011
Kyrkjeadministrasjon									
Driftsutgifter	427	652	506	568	450	484	490	495	548
Driftsinntekter	453	663	475	634	450	455	487	490	527
Netto utgift/inntekt	26	11	- 32	66	0	- 29	- 3	- 5	- 21
Kyrkjer									
Driftsutgifter	655	676	814	812	638	628	650	647	641
Driftsinntekter	678	651	831	757	603	621	621	632	654
Netto utgift/inntekt	23	- 25	17	- 54	- 35	7	- 29	-15	13
Kyrkjegardar									
Driftsutgifter	273	248	301	450	214	201	259	244	231
Driftsinntekter	347	274	340	460	246	213	258	239	231
Netto utgift/inntekt	74	26	39	10	32	12	- 1	- 5	0
Andre kyrkjelege									
Driftsutgifter	106	198	215	231	98	147	216	274	147
Driftsinntekter	157	233	230	257	101	171	249	299	155
Netto utgift/inntekt	51	35	15	26	3	24	33	25	8

3.2 Kommentar til ressursbruk - økonomi

For alle ansvarsområde unnateke Kyrkje vart det overskot i 2010.

Område 1 - Administrasjon: Det var budsjettert med eit underskot på kr 5000. Overskotet på kr 66 479,70 skuldast i stor grad refusjon av sjukepengar og i forhold til forbruk var det budsjettert med ca 16 000 for mye av kommunetilskotet til administrasjon.

Område 2 - Kyrkja: Mykje av underskotet på kr 54 555,78 skuldast at løna med sosiale utgifter for organisten for 2009 kom på 2010 og at utgiftene til innkjøp av projektor og lerret til Otrøy kyrkje blei dyrare enn forventa – i overkant av 32 000 mot budsjettert kr 18 000. I budsjettet var det vedteke å bruke av ubundne fond til gjennomgang av pipeorgelet og innkjøp av projektor og lerret. Straumutgiftene vart i overkant av kr 11 000 dyrare enn det som var budsjettert. Tautraturen gjekk dessverre også med eit underskot - kr 3500, men turen var likevel ein vellukka tur med fint vêr, ei flott gudsteneste og ein koseleg kyrkjekaffi. Det var berre lovord å høyre frå dei som tok turen.

Område 3 - Kyrkjegard: Fordi vi fekk inn meir i festeavgift enn det som var budsjettert med, fekk vi eit overskot på kr 10 235,93

Område 4 - Anna kyrkjeleg verksemd: Det var budsjettert med eit overskot på kr 25 000 for å dekke inn forventa underskot i område 1 og 2. Overskotet blei på kr 26 184,70

Lønn og sosiale utgifter kom på kr 824 010,96 for samla alle ansvarsområde. Når utgiftene ved tenesteyting frå kommunen er fråtrekt vert dei samla utgiftene på kr 1 369 611,50.

Midsund Sokneråd hadde eit samla overskot på kr 48 344,55 for 2010. Dersom vi ikkje hadde vedteke bruk av fond, hadde vi hatt eit underskot på kr 7 744,03.

Budsjettet for 2011 vart utarbeidd etter at soknerådet fekk beskjed om ei rammeauke med 1,6 % i prisstigning og ei lønsauke på 3,6 %.

3.3 Overføringer frå staten og Midsund kommune

Under ser vi ramma vi har fått frå kommunen og frå staten dei 6 siste åra:

	<u>2006</u>	<u>2007</u>	<u>2008</u>	<u>2009</u>	<u>2010</u>	<u>2011</u>
Kommunen	849933	1092200	1232799	1135000	1308000	1366800
Staten	81 000	80 000	44 000	12000	0	?

Midsund Sokneråd kjem til å få eit statleg tilskot i samband med soknerådsvalet 2011. Dette vert eit grunntilskot på kr 8000, eit tilskot for ekstra valkrinsar på kr 3500 og kr 2,50 pr medlem med røysterett. Medlemstalet som skal brukast er dei som bur her pr juni 2011, derfor er statstilskotet ført med eit spørjeteikn.

3.4 Soknerådet sine fond

Soknerådet sine totale midlar plassert på disponible og bundne fond pr 31.12.:

	<u>2006</u>	<u>2007</u>	<u>2008</u>	<u>2009</u>	<u>2010</u>
Bundne driftsfond	10 776,50	10 776,50	10 776,50	10 776,50	10776,50
Ubundne driftsfond	184 169,00	184 168,57	450 564,79	450564,79	481 167,16

3.5 Likviditet

Etter endring av reglar skal likviditetsreserven ikkje førast separat, men er lagt inn under disposisjonsfondet (ubundne fond), derfor er tala for 2008, 2009 og 2010, under punkt 3.4. mykje høgare enn for 2007 og 2006. Likviditeten til soknerådet er god. Vi har ingen gjeld og klarer å halde forbruket nede på eit lågt nivå. Ved å halde fram med eit nøkternt forbruk vil likviditeten fortsette å vere god. Vi kan ikkje tåle nedgang i tilskot frå kommunen utan at dette medfører underskot. Likviditetsreserven på kr 117 687,63 har ikkje vore belasta dei siste 6 år.

Likviditet (Omløpsmidlar delt på Kortsiktig gjeld) dei 5 siste åra (når likviditeten er over 2,0 er den god):

	<u>2006</u>	<u>2007</u>	<u>2008</u>	<u>2009</u>	<u>2010</u>
Omløpsmidler	458 961,56	615 135,46	656 250,62	660 188,21	789 610,88
Kortsiktig gjeld	146 328,86	127 894,17	148 992,03	114 291,97	249 322,67
Likviditetsgrad	3,14	4,81	4,40	5,77	3,16

Arbeidskapitalen (Omløpsmidlar minus Kortsiktig gjeld) dei 9 siste åra i heile tusen:

<u>2002</u>	<u>2003</u>	<u>2004</u>	<u>2005</u>	<u>2006</u>	<u>2007</u>	<u>2008</u>	<u>2009</u>	<u>2010</u>
222	322	426	381	313	487	507	545	540

3.6 Konklusjon for rekneskapen 2010

På grunn av den lange sjukdomsperioden til kyrkjevevja, der det ikkje vart sett inn vikar, og bruk av ubundne fond fekk Midsund Sokneråd eit overskot. Dersom det ikkje hadde vore vedteke bruk av ubundne fond hadde vi hatt eit underskot på i overkant av kr 7 700. Det er med andre ord ikkje rom for store innkjøp eller auke i aktivitet, utan at dette vil medføre underskot.

4. GJENNOMFØRT I 2010

4.1 Soknerådet/fellesrådet

Det vart halde 7 sokneråds/fellesrådsmøte der 46 saker vart handsama. Nokre av dei viktigaste sakene var:

- HMS-avtale mellom Midsund Sokneråd og Møre bispedømeråd
- Reparasjon og kartlegging over naudsynte reparasjonar av pipeorgelet i Otrøy kyrkje
- Evaluering av delegasjonsreglement, tilsettingsreglement, arbeidsreglement, permisjonsreglement og administrasjonsreglement
- Gudsteneste på Tautra
- Endring av vedtektene for kyrkjegardane i Midsund

4.2 Kyrkjeleg årsstatistikk	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010
Fødde tilhøyrande DNK	26	17	17	18			
Døypte tilhøyrande DNK (busette i Midsund)	28	18	17	14	21	22	19
Døypte i Midsund sokn (busett også utanfor Midsund)	33	25	22	19	23	28	24
Konfirmerte	19	17	20	27	20	28	24
Vigslar i Midsund sokn	3	0	1	4	3	5	4
Kyrkjeleg vigde, busett i Midsund	4	0	0	3	2	3	2
Gravferder	21	19	21	27	29	24	18
Gudstenester i alt	58	54	48	58	54	55	56
Samla tal deltakarar	4136	3355	3784	3742	4316	4033	4342
Av desse:							
hovudgudsteneste på søn- og helgedagar	43	47	43	47	46	49	48
- familiegudstenester/ungdomsgudstenester	9	7	8	6	11	8	9
- gudsteneste med nattverd	34	33	24	34	34	35	34
nattverdsgjestar	744	579	655	792	787	756	714
Tal gudstenester fordelt mellom gudstenestestadane:							
Otrøy kyrkje	36	31	34	35	39	35	38
- skulegudstenester	2	2	2	2	2	2	2
- barnehagegudstenester				5	2	1	1
Nord-Heggdal kapell	9	9	8	8	9	11	9
- barnehagegudsteneste					1	1	1
Søre-Midøy kapell	3	4	4	4	3	4	4
Aldersheimen	3	2	3	3	3	3	3
Friluftsgudstenester	0	0	0	0	0	1	2

I offer og kollektar kom det inn kr 108 317, dette er ein nedgang på kr 26 000 frå 2009. Av innkomne offer kom det inn til eiga verksemd kr 38 340, som er ei auke på rundt 3 000 frå 2009. I 2010 samla konfirmantane inn kr 32 077,50 til Fasteaksjonen, noe som er ny rekord. Midlane til Fasteaksjonen er medrekna i totalsummen på kr 108 317.

4.3 Administrasjon og personal

Stillingar:	Kyrkjevevje	Svanaug Lervik	60 %
	Klokkar	Kjellaug Johnsen	12 %
	Kyrkjetenarar	Harry Orvik	20 %
		Arna Stølen	10 % (slutta pr 31.12.2010)
	Kantor	Sigrid Sendler	60 %

4.4 Arrangement i kyrkjelyden i 2010

Følgjande arrangement vart gjennomført:

- Årsmøte - 2010 vart halde på Betania bedehus
- Konfirmantfesten
- Friluftsgudsteneste på Nord-Heggdalsstølen i samband med Midsundfestivalen
- Tautraturen – gudsteneste og sosialt samvær
- Møteveke med Israelsmisjonen
- Adventskonsert

Sjå elles punkt 4.6

4.5 Kyrkjebygga

Otrøy kyrkje

Nordveggen av Otrøy kyrkje vart malt i 2010.

To orgelbyggjarar frå Jehmlich Orgelbau Dresden, Tyskland kom og så på pipeorgelet for å finne ut kva som må gjerast for å få orgelet i topp stand igjen. Dei gjorde også nokre småreparasjonar av orgelet.

4.6 Gravplassane

Nord-Heggdal gravplass

Kommunen vedtok i 2007 å utvide gravplassen og lage veg opp til kapellet. Endring av reguleringsplanen vart lagt ut til offentleg ettersyn i 2009. Det har vore ope møte med spesiell invitasjon til grunneigarane. Oppstart bygging av veg skulle skje vår 2010, men er framleis ikkje kome igang. Utviding av gravplassen er utsett på ubestemt tid.

4.7 Kyrkjelydsarbeidet/det frivillige arbeidet

Midsund Sokneråd vil nytte høvet til å takke og gje honnør til alle leiarar og medhjelparar i barne- og ungdomsarbeidet og alle dei som sit i dei ymse utvala. Dei gjer eit viktig frivillig arbeid i kyrkjelyden. Fleire har brukt mange år av sitt liv i dette arbeidet, som det verkeleg står respekt av. Soknerådet vil også takke alle som stiller opp som kyrkjevartar, kakebakarar og til kjøkkenteneste.

Søndagsskulane.

Det vart drive 3 søndagsskular i Midsund sokn i 2010. Desse var Midøy, Raknes og Solstrålen søndagsskular.

Gospel Kidz

Etter sommarferien 2009 vart Barnegospel lagt ned. I 2010 vart Gospel Kidz skilt ut frå Gospel+ og dette vart koret for dei yngste barna. Gospel Kidz har bestått av ca 10 - 30 barn frå 4-8 år. Dei har hatt øvingar anna kvar tysdag på bedehuset. Dei har opptredd i kyrkja, på bedehuset og på aldersheimen. Leiar i Gospel Kidz er Mariann Aasmyr. Arild Aasmyr og Morten Søvde deltok som akkompagnatørar.

Gospel +

Øving anna kvar måndag, dei har opptredd i kyrkja, på bedehuset og på aldersheimen. Gospel+ var leia av Hanna Krogsæter Barlaup. Gospel+ består av ca 10 barn frå 3. klasse og oppover.

Utdeling av Mi kyrkjebok til 4-åringane

Det vert kvart år delt ut 4-års bok. I 2010 var det 17 som kom i kyrkja og fekk boka Kyrkjeboka.

Utdeling av 6-års bok

I 2010 var det 21 som fekk boka Tre i eit tre i kyrkja. Etter gudstenesta var det kyrkjepiknik på Sandneset Camping kor det var både mat og sporleik. Ein fekk boka i etterkant.

Utdeling av barnesalmeboka til 2. klassingane

I 2010 var det 19 som fekk utdelt barnesalmebok, 10 kom til kyrkja og fikk boka der.

Utdeling av biblar til 5. klassingane

I 2010 var det 22 som fekk utdelt bibel. Av desse kom 19 til kyrkja og mottok bibelen der.



Utdeling av biblar til 5. klassingane

Minikonfirmantane.

Minikonfirmantopplegget i 2010 vart eit kombinert Lys Våken og vanleg minikonfirmantopplegg: "Kyrkjeutforskarkveld", laurdagsopplegg på Midøyskulen, i bålhuset på Søre-Midøy og sjølvsgatt ei andaktsstund i kapellet på kvelden. Minikonfirmantopplegget vart avslutta med ei familiegudsteneste i Otrøy kyrkje på søndagen.

Konfirmantane 2009 – 2010 og 2010 - 2011.

Konfirmantkullet som starta si konfirmanttid i 2009 gjekk som normalt der presten hadde timar med konfirmantane i kyrkja, på skulen - etterskuletid og på bedehuset. Konfirmantane har tre gruppemøte. Gruppene møttest i heimane, anten hos gruppeleiar eller konfirmantane. Det vart 3 konfirmantsamlingar ute i det fri. Tur til Franskehellaren og tur i Sør-Heggdal opp mot Midsundvatnet der dei har fått oppgaver som skulle gjerast undervegs. Konfirmantane deltek i enkelte gudstenester gjennom året som ministrantar, oftast 2 eller 3 ilag. Under fasteaksjonen stiller konfirmantane opp som bøssebærarar. Kvart år er det konfirmantcup på Gossen, då møter Aukra-, Sandøy- og Midsundkonfirmantane kvarandre til dyst i handball, fotball og volleyball. Etterpå er det ungdomsgudsteneste i Aukra kyrkje.

Konfirmantkullet som normalt skulle starta si konfirmanttid hausten 2010 vart innskrevne som konfirmantar allereie i februar 2010 slik at dei som ville, kunne vere med på KonfAction i Bø i Telemark. Det var 6 av 2009 – 2010 kullet og 20 av 2010 – 2011 kullet som dro, saman med 5 leiarar.

Ving

er eit tilbod til unge i alderen 8 år og oppover. Dei samlast på bedehuset anna kvar onsdag, der dei har forskjellige aktivitetar. Marie Tholvsen Nygård, Reidun Solberg og Kari Bjørnerem er leiarar for Ving. Det er 10 - 30 unge som samlast.

Kompis

Randi Anna Hånes tok initiativ til Kompis, som er eit sosialt tilbod for ungdomar frå 8. klasse og oppover. Dei er rundt 8 som møtast annakvar fredag på bedehuset, der dei spelar spel, leikar, tema for dagen og samtale.

Diakonale tiltak

Presten og organisten har halde andaktar på Midsund Omsorgssenter 3. kvar veke. Det var òg nokre andre andaktar på omsorgssenteret som vart halde av foreningar og organisasjonar.

Kyrkjebladet

I Midsundredaksjonen sit Perdy Raknes, Hanna K. Barlaup og Olav Sjøvik. Midsund har ansvaret for 2 nummer i året.

Utval

Undervisningsutvalet

Medlemar til undervisningsutvalet vert valt for ein soknerådsperiode. For 2009 - 2011 sit Asbjørn Ræstad, Olav Sjøvik, Per Steinar Orvik, Britt Lillian Håvik og Stein Barlaup, leiar. Undervisningsutvalet hadde 4 møte i 2010 der opplegget for minikonfirmantane vart lagt.

Diakoniutvalet

I desember 2009 vart det valt nytt diakoniutval for perioden 2009 - 2011:

Randi Anna Hånes, Kristi Jensen, Svetlana Boginska, Tove Silset Opstad og Guro Myklestul sit i utvalet. Guro Myklestul gjekk ut av utvalet då ho flytta frå kommunen. Utvalet hadde kun eit møte .

Gudstenesteutvalet

I desember 2009 vart det valt nytt gudstenesteutval for perioden 2009 - 2011:

Desse er: Åshild Melkeraaen, Kjellaug Orvik, Ståle Stølen, Daniel Sjøvik, Sigrid Sendler og Stein Barlaup. Utvalet hadde 3 møte.

Gudstenesteutvalet og diakoniutvalet hadde eit fellesmøte og ein tur ut til Tautra for å planlegge friluftsgudstenesta der.

Oualia misjonsutval

I desember 2009 vart det valt nytt misjonsutval for perioden 2009 - 2011:

Liv Johanne Opstad, Perdy Raknes, Dirk Armin Miltz, Ann Heidi Rakvåg og Oddveig Klauset Ræstad. Oddveig Ræstad gjekk ut av utvalet då ho flytta frå kommunen.

Utvalet hadde 2 møte i 2010, elles vart det sendt sms og brukt telefon. I 1998 fekk Midsund kyrkjelyd ein bønnekontakt med Oualia kyrkjelyd i Mali. Misjonsutvalet har sørgja for å sende og ta imot bønneemne, laga bønnekort og informasjonsplakat. Utvalet har òg hatt ansvar for møteveka.

Team Action

Konfirmantutvalet Team Action består av: Camilla og Morten Søvde, Stein Barlaup og Svanaug Lervik. Desse har jobba for å at våre konfirmantar skal få tilbod om tur til Bø i Telemark kor det vert halde konfirmantleir i KRIK-regi.

Bibelkontakt: Kristi Jensen

Kirkens SOS-kontakt: Anne Kari Heggdalsvik

Kirkens Nødhjelp kontakt: Kari og Kåre Bjørnerem